

Torger Eimhjellen

Hyen 20.02.2023

Mjellemsvg 155

6829 Hyen

Vanylven kommune

Rådhusvg

6143 Fiskå

Reguleringsplan for Småstranda næringsområde / høyring

Eg er innbyggjar i ein annan kommune (Gloppen), men har dei siste dagane fått med meg at kommunen vurderar å fylle eit større parti ut i sjø / langs stranda nord for Åheim, med det formål om å skipe til eit nytt næringsareal i Vanylven kommune.

Min familie og eg har vore heldig, gjentatte gongar å vere «turist» i Åheim. Ein fryd kvar gong! Like ofte har vi vore heldig å kunne komt oss i båt langs stranda der for å fiske og trekke teiner.

I forbindelse med denne offentlege høyringa, tillet eg meg å komme med nokre synspunkt..:

Eg forstår at denne planen fort kan bli lik: «David mot Goliat»

Eg ber dykk folkevalde om å tenkje dykk mange gonger om før de realiserar denne utfyllinga i sjø, med denne plasseringa...

Ei plassering som visuelt vil skjemme stranda og til sjuande og sist Åheim og kommunen.

At kommunen treng nytt næringsareal er nok ein realitet av di de tenkjer å etablere eit , og foreslår plassering ved sjøkanten. **MEN den plasseringa**, som er eit «Ikkje reversibelt tiltak» vil eg hevde vil vere svært øydeleggjande for stranda nord for Åheim. Visuelt vil det slett ikkje bli eit vakkert syn..!

For å sei det på godt norsk..: «Det vert midt i glaninga..»

Mitt råd er: Leit det de maktar for å finne eit anna, like tjeneleg område for å etablere eit (truleg) sårt sakna næringsareal i kommunen dykkar !

Ikkje skjem ut den fine stranda de har ut langs fjorden!

Med respekt og helsing frå

Torger Eimhjellen, Hyen